



Arkivnr: 2017/485-32  
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne		06.12.2017

## Oppretting av brukarmedverknadsgruppe/referansegruppe, Bybanen til Fyllingsdalen, Byggetrinn 4

### Samandrag

Denne saka var til handsaming i møte i RMNF den 23.10.2017. det var då fatta vedtak om at saka vart utsett. Rådet har no motteke nye opplysningar i saka, og vil av den grun bli handsama på nytt i møte den 06.12.2017.

RMNF inviterte til eit dialogmøte den 22.08.2017. Møtedeltakarene var samde om at det var viktig og positivt å møtast, og å få igang ein god dialog framover. Her er det ulike behov, no må vi se framover og forsøke å finne ein løysing.

Innleiderne heldt presentasjonane. Blindeforbundet delte ut eit skriv/klagerapport frå fylkeslagsstyret som vart gitt til Bybanen Utbygging, Bybanen AS og Skyss. Etterpå var det diskusjon. Medlemmer frå Blindeforbundet fortalde kva som vart opplevd som problematisk ved å krysse overgangar ved Bybanetraseen.

Bybanen Utbygging orienterte om korleis ein planla/prosjekterte Byggetrinn 4 for Bybanen. Det vart mellom anna orientert om prinsippa for haldeplassar, markering av traseen og markering av overgangar. Ein kan gjera noko med framtidig bygging, som til dømes byggetrinn 4, dvs. seie Bybanen frå Sentrum v/Gulating lagmansrett til Fyllingsdalen via Haukeland sykehus. (Ferdigstilt ca. 2020.) Det er vanskelegare å gjera noko med det som allereie er bygd. Det viktigaste er å tilrettelegge for UU, og gjere dette i planleggingsfasen, før bygging. Det er dyrt reparere/rette opp manglande tilrettelegging når det allereie er bygget.

Blindeforbundet ønskjer eit forpliktande samarbeid og brukarmedverknad. Det vart fremma forslag om å opprette ein referansegruppe/ein brukarmedverknadsgruppe. Bybanen utbygging ser positivt på at det vert oppretta ei referansegruppe, i det vidare arbeid med byggetrinn 4 for Bybanen. Det er viktig at ei evt. gruppe er rett samansett.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) har motteke ei bestilling frå Bybanen Utbygging, der RMNF vert beden om å ta initiativ til å opprette brukarmedverknadsgruppa/referansegruppa.

Sjå E-post av 14.11.2017 frå Bybanen Utbygging:

- Bybanen Utbygging må og vil som utbygger forholde seg til gjeldende lov, forskrifter og krav vedr. universell utforming.

- Bybanen Utbygging ønsker å realisere byggetrinn 4 på en slik måte at bygde løsninger framstår som gode for både brukere med behov og den gjengse bybanepassasjer.
- For å få til dette ønsker Bybanen Utbygging gjerne kontakt med et brukermiljø som kan bidra til å gjøre gode løsningsvalg innenfor det handlingsrommet som er.
- Bybanen Utbygging har det fulle ansvar for de valg som gjøres, god brukermedvirkning er en kanal for å finne fram til alternativer og ha gode beslutningsgrunnlag.
- Bybanen Utbygging ser positivt på og vil gjerne samarbeide med en av HFK oppnevnt brukergruppe.

### **Forslag til vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil foreslå kandidatar til brukarmedverknadsgruppe/referansegruppe, Bybanen til Fyllingsdalen, Byggetrinn 4.

Bertil Søfteland  
Leiar fylkessekretariatet

Merethe Helland Nordnæs  
Jurist/rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*